

Nyheitsbrev frå kommunedirektøren desember 2025

Positiv utvikling

2025 har vore eit krevjande år og sjølv om vi ikkje er i mål med innsparingsarbeidet, har det vore ei positiv utvikling på mange område.

Eg vel å tilskrive målretta arbeid og at alle er med å bidreg til at vi har fått ned sjukefråværet med 3 % - frå ca. 10 % til 7 %. Dette er viktig då det redusera arbeidsbelastning i tenestene og personalkostnadane.

Sjølv om det er krevjande å rekruttere nyttilsette på enkelte kompetanseområde, har vi hatt fleire kvalifiserte søkjarar på stillingane enn før.

Samanlikna med gruppa av kommunar (33) som vi høyrer til driv vi no om lag 10 % «billigare». Det betyr at vi har ei kostnadseffektiv drift i dag, men framleis er det potensiale på enkeltområde til å få til ytterlegare reduksjonar.

Budsjett og handlingsprogram for 2026-2029 – felles ansvar

Dette inneber at vi, i motsetnad til 2025 der det vart vedteke meirforbruk, no har som mål å drive innanfor dei økonomiske rammene. Dette er ei svært krevjande ambisjon som vil stille store krav til oss alle.

I arbeidet med innsparingar framover er målet ikkje berre å kome oss gjennom eitt vanskeleg år, men å leggje grunnlaget for ein meir robust og berekraftig kommune på lengre sikt. Det kan medføre endringar som kan opplevast som krevjande, til dømes redusert aktivitet, omprioriteringar eller endra arbeidsmåtar.

Dette vil krevje mykje av oss – både fagleg og menneskeleg. Samstundes er vi overtydde om at vi kan få dette til gjennom open og tydeleg informasjon, godt samarbeid og reell involvering og medverknad frå folkevalde, tilsette og leiarar i tida som kjem.

Læring, utvikling og forbetringsarbeid

Fjaler har ein god kultur for å få til endringar og for å styrke evna vår til å lykkast har vi mellom anna gjennomført viktig tiltak som leiaropplæringsprogram, deltaking i læringsnettverk, innspelsrundar med kommunestyre (vår arbeidsgjevar), fellesmøte med leiarar tillitsvalde og hovudverneombod.

Studiesenter Kysten

Studiesenter kysten tilbyr ulike kurs og utdanningar, kanskje noko er relevant for deg? I tillegg har dei kontorplass (Hub) på Dale senter som du kan booke viss du er student og

bur i Fjaler, dette er eit godt tilbod viss du treng kontorplass og litt arbeidsro eller «kollega» under studiet. Meir informasjon finn du på [Studiesenter Kysten si heimeside](#)



Foto: J. Aven: Grønneset i Flekke

Ny vallov – gjennomføring av Stortingsvalet

På personal- og organisasjon har vi jobba med planlegging og gjennomføring av stortingsvalet 2025. Ekstra spennande i år var at det var første valet etter innføring av ny vallova, og dermed var det ein del nye reglar å jobbe etter. Men heile valgjenomføringa gjekk fint.

Arkivverket sitt tilsyn med arkiva

I mai fekk vi avslutta tilsynet, men det står framleis noko arbeid att. Nokre av tiltaka vi må gjennomføre er overføring av eldre papirarkiv til arkivdepot i Leikanger, sidan vi ikkje har godkjente spesialrom for arkiv. I haust hadde vi då den første av truleg 5 overføringar av eldre papirarkiv til depot i Leikanger. På 22. oktober sendte vi ca. 80 hyllemeter med eldre arkiv etter formannskapskontoret/rådmannskontoret/sentraladministrasjon, teknisk og sosial kontoret (frå perioden 1965-2000). Det blei 96 flyttekasser fylt arkivmaterialet. Desse står no trygt lagra i Kommunearkivordninga i Vestland (tidlegare Fylkesarkivet) sitt nye arkivdepot Leikanger, som vart opna i sommar. . Materiale som er overført blir no betjent av Kommunearkivordninga. Er det noko vi treng innsyn i, så kan vi ta kontakt med dei.

Utgreiing av skulestruktur

Skule er det tenesteområde kor Fjaler driv dyrare enn andre og kor vi har gjennomført størst reduksjon i kostnadane siste året. Dessverre er vi ikkje i mål, og kommunestyre vedtok i møte den 11. desember eit mandat for utgreiing av skulestruktur.

Arbeidet starta etter nyttår. Styringsgruppa som består av formannskapet supplert med Kjetil Ness (SV) og Anna-Linnea Rundberg (uavhengig) skal i møte den 8. januar vedta kva konsulentfirma som skal bistå oss i arbeidet og ein prosjektplan.

Leiarkabalen innan oppvekst

Det har vore eit travelt år innan oppvekst og det er gledeleg at vi avsluttar året med å ha fått på plass ei god og sterk leiargruppe. Av tilsettingar med oppstart no i haust, er Birte Myklebust tilsett som rektor ved Våge skule, Gard Felde som rektor ved Flekke skule, Torunn Åsnes som styrar ved Flekke barnehage, Marita Jakobsen som styrar ved Yksnebjør barnehage.



Foto: J. Aven; Vinterdag ved Rennestraumsvatnet

Felles leiarressurs i helsetenesta og HAFS barnevern

Det har vore utfordrande å få ei stabil leiarløyising for barnevernet. Etter ein periode med konstituert leiar har administrasjonen, tillitsvalde og tilsette arbeidd for ei meir langsiktig løyising frå 01.12.2025.

Leiar for helsetenestene i Fjaler, Heidi Roos, har takka ja til å vere leiar for HAFS barnevern frå 01.12.2025 og ut 2026, i tillegg til noverande rolle. Ho får støtte av Ingunn Mortensbakke og Lisa Lykkebø som teamleiarar. Heidi vil ha fast kontordag onsdagar og tilpasse arbeidstida etter behov.

Planarbeid

No i haust har vi hatt god framdrift i arbeidet med kommunale planar. Dette er eit svært viktig arbeid som gir retning, mål og rammer for utviklinga av gode og berekraftige tenester i åra som kjem.

I denne perioden har vi arbeidd særleg med frivilligstrategi, trafikktryggleiksplan og samfunnsdelen av kommuneplanen. Det er gjennomført gode og breie innspelsrundar i arbeidet med planverka, noko som har gitt verdifulle bidrag frå innbyggjarar, lag og organisasjonar.

Frivilligstrategien vart vedteken av kommunestyret i møtet 23. oktober.

Trafikktryggleiksplanen ligg no ute på høyring, med høyringsfrist 28. januar 2026. For samfunnsdelen av kommuneplanen planlegg vi å få vedteke å legge planen ut på høyring i kommunestyremøtet 26. februar 2026.

Julehelsing

Siste halvåret har eg hatt gleda av å besøk mange av einingane i kommune. Formålet har vore å informere om dei økonomiske problema, korleis vi jobbar, men ikkje minst å møte og få tilbakemeldingar frå de som tilsette.

Dette har vore kjekt og nyttig og eg vil rette ein stor takk til alle for innsatsen gjennom året. Det er imponerende kva de får til 😊

Eg håpar at alle finn tid til å slappe av nyte juletida, og at vi alle er klar til å halde fram det gode arbeidet og møte året vi går inn i med energi og pågangsmot.

Eg ynskjer alle ei riktig god og eit god nyttår.

